

Møtereferat

Dato: 14.01.2015

Emne:	Referat frå arbeidsutvalsmøte RMNF - 140115		
Til stades:	Harald Norheim, nestleiar Ingeborg Borgen Takle, rådgjevar		
Forfall:	Ellinor Kreybu, leiar	Sak: 2014/558-113	
Møtetid:	09:30-11:00	Møtestad: Fylkesutvalssalen	

Møteleiar: Harald Norheim**Referent: Ingeborg Borgen Takle****Sak AU 01/15 Anbudsprosess ferjer**

Rådet har vore oppteken av kva kriterier som ligg til grunn for universell utforming ved anbudsprosessen rundt nye ferjer. Arbeidsutvalet har motteke ein oversikt over når dei ulike ferjeruta skal ut på anbod og Målfrid Vik frå samferdselsavdelinga kjem på neste rådsmøte for å orientere.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtek at anbudsprosess ferjer vert satt opp som ein politisk sak på neste møte. Administrasjonen vert bedt om å vidareformidle at rådet ønskjer informasjon om kva kriterier som ligg til grunn for anbudsprosessen i samband med universell utforming, samt om det er mogleg å få ein kort orientering om universell utforming av kaianlegga.

Sak AU 01/15 Universell utforming – kompetanseheving i Hordaland fylkeskommune

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått ein førespurnad om samarbeid i samband med ein kursdag med forskingslaboratoriet for universell utforming i Gjøvik. I første omgang er det for kommunar som er med i eit prosjekt i regi av fylkeskommunen, men det vart diskutert om ein kunne utvide med ein dag, kor målgruppa er fylkeskommunalt tilsette. Det kostar 15-20 000 kr per kursdag.

VEDTAK

Arbeidsutvalet er interessert i eit slikt samarbeid og stillar seg positiv til ein ekstra dag for dei fylkeskommunalt tilsette. Arbeidsutvalet er positive til å bidra finansielt for å dekke innleiar frå Gjøvik.

Universell utforming – kompetanseheving i Hordaland fylkeskommune vert ein politisk sak på neste rådsmøte.

Sak AU 03/15 Rundebordsdiskusjon med kulturinstitusjonar i Hordaland – orientering om framdrift

Rundebordsdiskusjon med:

- Dei største kulturinstitusjonane i Hordaland. Kven frå institusjonane som vert opmoda til å kome er ikkje klart, avhengig av fokus for diskusjonen.
- RMNF, med innspel frå brukarorganisasjonane
- Kulturavdelinga
- Eventuelt Else-Marie Brobakke Aarø, koordinator for universell utforming i HFK

Mål:

- Kunnskapsutveksling; mellom kulturinstitusjonane og mellom dei og rådet
- Søke konkrete løysingar
- Mindre fokus på utfordringar

Dato: vert bestemt i neste møte, men aktuelt tidspunkt er august.

Angående fagperson til å helde eit innlegg følgjer vi opp

- Norsk publikumsutvikling
- RMNF Nordland
- andre tips frå brukarorganisasjonar
- Ønskjeleg med forskning på feltet
- Ønskjeleg med eitt breitt perspektiv på heile kulturfeltet

VEDTAK

Arbeidsutvalet tek informasjonen til etterretning.

Sak AU 04/15 Temadagen 2015

Temadagen vert 12. mars i samband med Husbanken sin konferanse 11. mars. Administrasjonen har vore i kontakt med Fylkesmannen og internt på fylkeskommunen.

VEDTAK

Arbeidsutvalet tek informasjonen til orientering.

Sak AU 05/15 Årsmelding frå rådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at eit utkast til årsmelding skal presenterast på første rådsmøte, som vil vere eit arbeidsmøte. Frist for innlevering av årsmelding er fylkestinget i juni. Frist for innlevering av utkast for at det skal kome med i møtedokumenta er 20. januar.

VEDTAK

Arbeidsutvalet følgjer opp avgjerda i tidlegare møte om at leiar og nestleiar koordinerer arbeidet med utkastet fram mot neste rådsmøte saman.

Sak AU 06/15 Konferansar

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått tilbod om fleire konferansar:

- SOR-konferansen 4.-5. mai i Bergen
- Landskonferansen 19.-20. august i Nordland
- Husbanken si konferanse «Universell utforming – neste generasjon» 11. mars i Bergen

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtok å sende ut ein mail til alle medlemar angående Landskonferansen og Husbanken si konferanse for å høyre kven som ønskjer å delta. Deltaking på SOR-konferansen vil verte vedteke på neste rådsmøte.

SOR-konferansen, Landskonferansen og Husbanken si konferanse vil alle verte satt opp som politisk sak til neste rådsmøte.

